

Åshild Hope Herland
Mongstadvegen 826
5953 Fonnes

10.juni 2014

Multiconsult As
v/Bent Stensaker
Nesttunbrekka 99
5221 Nesttun

Merknad til endring av Storemyra næringspark, Mongstad i Lindås kommune

Viser til brev av 13.mai 2014, og har følgjande merknad:

I kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad står det at Litlåsåsen er omfatta av sone med særskilte omsyn. Litlåsåsen er tilrettelagt med turstiar og er eit viktig høgdedrag i landskapet. Interesser knytt til tema landskap og friluftsliv skal ha særskilt vern innafor sona, (jfr side 44) Det står og at viktige verdiar og element i landskap, naturmiljø og kulturlandskap skal sikrast eit langsiktig vern, og at dette mellom anna gjeld Litlåsåsen (jfr side 37)

Under punkt 7.4 (side 41) står det at areal sett av etter plan og bygningslova § 11-7.nr 5, landbruks, natur- og friluftsområde vert oppretthalde som i gjeldande kommuneplan.
Og i plan for utviding av Mongstad Sør industriområde, pkt. 6.1 Parkbelte i industriområde, heiter det at det ikkje er tillate med oppføring av bygg, andre konstruksjonar eller planering av terrenget innafor spesialområda. Områda skal ikkje opparbeidast til park, men eksisterande vegetasjon skal takast vare på.

Med omsøkt plan som no ligg føre kan eg ikkje sjå at Litlåsåsen er ivaretaken slik det står i gjeldane plan.

Vi bur i eit område der industrien disponerer om lag 2200 da, av desse er over 200 da på våre eigedomar. Vi har ikkje tidlegare komme med klager eller innvendingar i høve til arealdisponering eller til det å få industrien så tett inn på oss. Men når Litlåsåsen som er eit viktig natur- og friluftsområde vert gjort om til jorddeponi, finn eg det rett å komme med merknad.

Eg ber om at merknaden vert teken til fylgje då det omsøkte prosjektet etter mitt skjønn skal føre til krav om konsekvensutgreiing etter kap. 4 i plan og bygningslova.

Eg meinar også at jordmassane så langt som mogeleg bør nyttast til jordbruksføremål, og ber om at det vert teke omsyn til i den vidare planlegginga.

Med vennleg helsing
Åshild Hope Herland

Kopi: Lindås kommune